


HØYRINGSFRAMLEGG



1

Kommunal planstrategi for Solund kommune 2024



Kommunal planstrategi 2024 – 2027

Innhald

Innleiing.....	4
Oppsummert – utfordringar og mogelegheiter.....	5
Overordna føringar for kommunal planlegging.....	7
FN sine berekraftsmål	7
Nasjonale forventningar til planlegging.....	7
Regionale føringar	8
Forventningar frå Statsforvaltaren	8
Langsiktig arealbruk	10
Prioriterte tema for Solund kommune sitt plan- og strategiarbeid	9
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2030.....	9
Satsingar.....	9
Prioriteringar i samfunnsdelen	9
Resultat av arbeidsverkstadane.....	11
Kommunestyre 25. januar.....	11
Kommunestyremøte 15. februar.....	11
Arbeidsverkstad med frivillige lag og organisasjonar 28. februar 2024	12
Sule-prioriteringane 2024.....	12
Prioriteringar vi tek med oss frå samfunnsdelen 2020 - 2030:	12
Nye prioriteringar frå 2024:.....	12
Prioriteringane og FN sine berekraftsmål	12
Solund helsetun	13
Planbehov i perioden 2024 – 2027	14
Planstrategi og planprosessar.....	30
Vurdering av planbehovet.....	14
Overordna planar	14
Andre planar	15
Interkommunal planlegging	21
Planstatus i Solund.....	22
Planstrategi 2019 – 2023 – evaluering.....	22
Organisering og prosess av planstrategiarbeidet	24
Organisering.....	24





Framdriftsplan, prosess og medverknad	24
Vedlegg.....	26
Korleis jobbe med dei prioriterte områda?.....	26
Planlegging etter plan og bygningslova	26
Arbeid med dei prioriterte områda.....	27
Plan- og styringssystemet.....	29
Kommuneplan	30
<i>Samfunnsdelen</i>	32
<i>Arealdelen</i>	32
Økonomiplan og årsbudsjett	32
Kommunedelplanar	32
Reguleringsplanar	32
Temaplanar, sektorplanar og fagplanar.....	33
Vurdering av planstrategien opp mot overordna føringar	34
Vurdering opp mot FN sine berekraftsmål.....	34
Vurdering opp mot nasjonale forventningar	34
Vurdering opp mot brev med synspunkt frå Vestland fylkeskommune	34
Vurdering opp mot forventningsbrev frå Statsforvaltaren	35
Samla vurdering	35
Eksterne vedlegg.....	35



Innleiing

Planstrategien er ei politisk prioritering av planbehovet i kommunestyreperioden, og skal utarbeidast innan eitt år etter kontinuering av nytt kommunestyre. Føremålet er at kommunestyret tidleg tar stilling til kva planer som må reviderast og ressursbruk til planarbeidet. I planstrategien skal kommunestyret også ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis, eller om den vidareførast.

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val for den ynskja samfunnsutviklinga. Planstrategien omfattar politisk vedtekne planar og strategiar. Den inkluderer t.d. ikkje fagplanar.

Folkehelselova er saman med Plan- og bygningsloven viktige verktøy for integrering av folkehelse i planlegging. Ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar inngår i planstrategien og det vert utarbeida ei folkehelseoversikt som ein del av kunnskapsgrunnlaget til planstrategien. Denne skal også inngå som faktagrunnlag for alt planarbeid i kommunen.

Solund kommune har dei siste åra revidert kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, i tillegg til ein del andre planar. Det syner seg frå førre kommunal planstrategi at ambisjonsnivået for kommunal planlegging har vore høgt, og det er ein del planar som ikkje har blitt påbegynt eller ferdigstilt. Planlegging er ressurskrevjande, og det er viktig at vi framover brukar kapasiteten på å gjennomføre planane som alt er vedtekne. Planstrategien foreslår difor berre heilt nødvendige og avgrensa revideringar av gjeldande planer.

Planstrategien tek utgangspunkt i «Kunnskapsgrunnlag – Vedlegg til kommunal planstrategi 2024», administrative og politiske arbeidsverkstader, «Folkehelseoversikt for Solund kommune 2023» og Solund kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen 2020 – 2030. Dokumenta viser utvalde utviklingstrekk og utfordringar i vår kommune, og dannar med det eit grunnlag for å vurdere planbehovet i kommande periode. Dette skal bidra til at planlegginga i Solund kommune blir behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

Berekraftsmåla er lagt nedst fordi dei skal leggest til grunn for alt vi gjer.



Oppsummert – utfordringar og mogelegheiter

Solund er ikkje isolert frå omverda, og må også ta innover eg dei globale og nasjonale trendane og utfordringane. Dei fleste av dei kjennast direkte også i Solund.

- Ei verd i endring
 - Klimaet endrar seg
 - Vi må redusere utslepp og forbruk av «det som er nytt/ubrukt», for å redusere avtrykket og direkte klimagassutslepp. Vi må redusere bruk av fossile drivstoff, og over på fornybare energiformer.
 - Vi må førebu oss på konsekvensane av endra klima som til dømes styrtregn som kan gje konsekvensar for kommunal bygningsmasse, og endra havtemperatur som gjev konsekvensar for havbruk og fiskeri.
 - Beredskap i brei forstand må få større fokus, dette gjeld blålys-etatar og infrastruktur.
 - Naturmangfald i fare
 - Vi må ta vare på sårbare artar og naturtypar grunna eigenverdi og økosystemtenester.
 - Krigar og ei ustabil verd
 - Jordvern: Vi treng matvaretryggleik for landet.
 - Migrasjon av menneske grunna krig, undertrykking og klimaendringar.
 - Demografi og sentralisering
 - Press på helsevesenet grunna fleire eldre og relativt sett færre som arbeider.
 - Press på oppvekstsektoren med større krav til tverrfagleg samarbeid – men færre barn.
 - Press på kommuneøkonomien med synkande befolkning. Dette gjev press på heile kommunesektoren. Kravet til tenesteleveransar er den same. Vi må finne andre måtar å jobbe på.
- Dei største lokale utfordringane:
 - Rekruttering av personell både i kommunal, privat og frivillig sektor.
 - Sårbart næringsliv med omsyn til klimaendringane.
 - Trygg og god samferdsle som til dømes open veg, godstransport, formålstenleg ferjetider, m.m.
 - Manglande bustader på Hardbakke, mange fritidsbustader i heile kommunen og stort tap av verdi ved nybygg.
 - Kommunal bygningsmasse med større oppgraderingsbehov.
- Dei største lokale mogelegheitene:
 - Skaparkrafta og samarbeidskulturen i Solundsamfunnet.
 - Kort veg mellom samfunnsaktørar, og rask reaksjonsevne.
 - Solund er gode på frivillighet.
 - Grøn omstilling knytt til marine næringar (fiskeri, havbruk, verftsindustri, sjøfart).
 - Det er stor aktivitet i samfunnet og mange prosjekt på agendane, både kommunale og ikkje-kommunale.
 - I større grad synleggjere alt det som skjer.
 - Finne ny måtar å jobbe på.
 - Satse på lokal arbeidskraft.





- Forvaltning av Solund på ein balansert berekraftig måte.
- Naturjevne ressursar.
- Endring i lokal og regional samferdsle.
- Trivsel og bulyst.

Det vert elles vist til vedlagt kunnskapsgrunnlag.

HØYRINGSFRAMLEGG





Overordna føringer for kommunal planlegging

I kommunal planlegging er mange omsyn vi må forholde oss til. I tillegg til ulike lover, reglar og retningslinjer for kommunal planlegging, har Norge inngått forpliktande internasjonale avtaler.

FN sine berekraftsmål



Norge har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Dei nasjonale klima- og miljømåla gjev rammer for planlegginga og er sentrale for at berekraftsmåla kan nåast. Som samfunnsutviklarar og planmynde, er fylkeskommunane og kommunane avgjerande for at

vi skal lykkast med å nå måla.

I utgangspunktet er alle FNs berekraftsmål likestilte og ingen mål er viktigare enn andre. Men Stockholm Resilience Centre har laga ein modell, kalla bryllaupskakemodellen. Denne modellen synleggjer at nokremål faktisk er viktigare og meir grunnleggjande enn andre. Jorad sine tolegrensergjær at berekraftsmåla som handlar om å ta vare på naturen og miljøet og å stoppe klimaendringane, vert sett først. (Større bilde i vedlegget).



7

Det er vanleg å dele inn berekraftsmåla i tre dimensjonar:

1. Klima og miljø
2. Sosial forhold
3. Økonomi

Bryllaupskakemodellen seier at berekraftsmåla innanfor økonomi må jobbast for på ein slik måte at dei ikkje går på bekostning av klima og miljø, og sosial forhold. Men skal det vere eit livskraftig samfunn i Solund, så må alle desse måla balanserast.

Nasjonale forventningar til planlegging

Regjeringa legger kvart fjerde år frem nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Disse skal følgjast opp i kommunane. Nasjonale forventningar for 2023-2027 peikar særleg på følgjande;

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida





5. Samfunnstryggleik og beredskap

I tillegg kjem ei lang rekke lover, forskrifter, retningslinjer, målsettingar med meir som også Solund kommune skal legge til grunn for kommunal forvaltning og drift.

Regionale føringar

Vestland fylkeskommune har utarbeide mellom 15 og 20 regionale planar, ein del av desse med retningslinjer som legg føringar for den kommunale planlegginga. I tillegg har fylket laga nokre temaplanar. Ein del av planane finn ein her: <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar/> Det er krevjande å ha god oversikt over desse, og vurdere dei regionale planane opp mot dei lokale.

Vestland sin felles planstrategi og samfunnsdel, er utviklingsplanen. Vestland fylkeskommune skal vedta sin nye utviklingsplan i desember 2024. Dette er etter at kommunane, jamfør plan- og bygningslova, kan vedta sin kommunale planstrategi. Den vedtekne utviklingsplanen kan difor ikkje ligge til grunn for Solund kommune sin planstrategi, dette er langt frå ideelt. Men fylkeskommunen har publisert ei stor mengde grunnlagsmateriell som har blitt nytta i kunnskapsgrunnlaget i arbeidet med planstrategien <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regional-planstrategi/kunnskapsgrunnlag-utviklingsplan-2024-2028/>

Vestland fylkeskommune har sendt ut eit brev til alle kommunane i fylket: *Kommunal planstrategi – synspunkt frå Vestland fylkeskommune til kommunane ei Vestland* (https://www.solund.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2022007850&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10636&). Dette er eit omfattande brev som kjem med innspel til kunnskapsgrunnlag og planstrategi med bakgrunn i regionale planar: utviklingsplanen, folkehelse, klima, infrastruktur og veg, kultur, kulturminne, idrett og friluftsliv, inkludering og integrering, verdiskaping, vassforvatning, jordvern og akvakultur.

Forventningar frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har også sendt eit forventningsbrev til kommunane for arbeidet med kommunale planstrategi (https://www.solund.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2022008705&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10636&).

Det vert peika på lovkrav, medverknad og behovsstyrt planlegging. Vidare vert det trekt fram prioritering av barn og unge, viktigheita av folkehelseoversikta, kopling mellom ressursar og forbruk, arealrekneskap, jordvern og kopling mellom lokale føringar relatert til nasjonale føringar. Det vert i tillegg trekt fram ei lang rekkje tema som i stor grad er knytt til arealplanlegging: planvask, utbyggingsområde relatert til klima, beredskap og faresoner, landbruksareal, barn og unge i arealplanlegging, naturmangfald, massehandtering og landskap.



Prioriterte tema for Solund kommune sitt plan- og strategiarbeid

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2030

Satsingar

I arbeidet med samfunnsdelen vart det sett 3 konkret satsingar som ville krevje mykje ressursar og merksemd i kommunen. Henta frå planen:

1. Samferdsel - ny bru Ytre Steinsund

Erstatte ferjesambandet Daløy – Haldorsneset med fast samband. Dette knyter Solund saman til ein felles bu- og arbeidsområde.

Kommunen vil i kommande periode arbeide for å sikre maksimal samfunnsgevinst av prosjektet, mellom anna industriområde og djupvasskai.

2. Oppvekst - ny skule og nytt bibliotek på Hardbakke

Det nye skulebygget får moderne og funksjonelle undervisningslokale.

Kommunen vil arbeide for å gjennomføre prosjektet slik at det bidreg til eit positivt og inkluderande oppvekstmiljø. Bygget skal også fungere som ein moderne arbeidsplass og samlingsplass for heile kommunen.

3. Sentrumsutvikling - Områderegulering av sentrum på Hardbakke

Regulering av området på Hardbakke skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune. Planarbeidet er i gang og skal mellom anna sikre framtidig hamn for ekspressbåt, reiselivsnæring, betre gangsamband, betre tilkomst til dagens hamn, betre kapasitet i gjestehamn og servicebygg, samt bustadfortetting.

Kommunen vil arbeide for at planen legg til rette for god kvalitet i tettstadsutviklinga og vil følge opp med strategiske grunnkjøp viss mogleg.

Prioriteringar i samfunnsdelen

1. Bruk og vern av sjøareala

Der målet er å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi.

2. Bruk og vern av kystlandskapet

Der målet er å ta vare på og bruke mangfaldet i kystlandskapet på ein langsiktig og berekraftig måte. Her er både landskap, geologi og kulturlandskapet nemnt, og potensiale for vekst knytt til næring som nyttar ressursane her, inkludert landbruk, besøksnæring og friluftsliv.

3. Varierte bustader og gode bukvalitetar

Målet er å auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt. Her er bustader, bustadtypar og trivsel tema.



4. Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar

Målet er auka næringsutvikling, meir mangfald i næringslivet og fleire arbeidsplassar. Tema her er å bygge på det vi har, nytte dei naturgjevne ressursane, næringsareal, rekruttering og infrastruktur.

5. Gjere Solund synleg

Der målet er å vise fram det kreative og skapande moderne samfunnet Solund og det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer. Der tema er omdøme, informasjon og kommunikasjon.

Langsiktig arealbruk

Solund kommune har per tida ikkje ein arealstrategi, sjølv om kommuneplanen sin samfunnsdel kap. 4.9 Berekraftig arealbruk har føringar for bruken av areal, og låg til grunn ved utviklinga av gjeldande arealplan. Det er blant anna føringar for bustadutbygging skal prioriterast i utbygde område og fortetting er nemnt. Det er også lagt føringar for at det skal leggast til rette for næring ved meir og mindre konkrete formuleringar, men også inngrepsfrie område er det formuleringar på. I tillegg er det ein del føresegner i arealplanen som godt kunne vore forankra i ein arealbruksstrategi (t.d. myr og landbruksjord), men dette kom til i prosessen med arealplanen og ikkje under arbeidet med samfunnsdelen.

Desse føringane har forbettringspotensiale for å i større grad forvalte og styre Solund i ynskja retning, og bør spissast og tydeleggjerast ved ein revisjon av samfunnsdelen. Aktuelle tema her er jordvern, arealnøytralitet, fortetting, framkomst for gåande og syklande, blå-grøne område, beskyttelse av taesskog, fordrøyingsbruk, med meir.

Det er verdtt å ha med seg at ikkje alle regionale og nasjonale føringar for arealplanlegging nødvendigvis er tenlege for eit samfunn for Solund, til dømes *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*. Og bruken av slike retningslinjer må balanserast med kva utvikling ein ynskjer i Solund.



Resultat av arbeidsverkstadane

Alle innspel til arbeidsverkstadane ligg i vedlegget til Kunnskapsgrunnlaget til kommunal planstrategi.


Kommunestyre 25. januar

Kommunestyret og sektorleiarane deltok på denne arbeidsverkstaden. Resultatet av arbeidsverkstaden 25. januar, syner at det ikkje er nokon radikale endringar i synet på det som er viktig, om ein samanliknar med gjeldande kommuneplan. Dei grunnleggande kommunale tenestene og frivilligheita må fungere. Og det grunnleggande i eit samfunn må fungere – Hovudmotoren i utviklingsarbeid, der kultur og frivilligheit fungerer som eit lim i samfunnet.

- Ting vi forventar skal fungere:
- Skule og barnehage
 - Helse og omsorg
 - Tekniske tenester
 - Forvaltninga (byggesak, plan m.m.)
 - Demokratiet
 - Frivillige lag og organisasjonar

- Ting vi kan gjere noko med:
- Vidareutvikle det vi har
 - Legge til rette for «flaks»

Hovudmotoren i utviklingsarbeid



Dato: _____

Stemtektel: _____

Norconsult 

PowerPoint frå arbeidsverkstad i kommunestyret 15. februar.

Kommunestyremøte 15. februar

Kommunestyret i tillegg til delar av ungdomsrådet og leiar i felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne deltok på denne arbeidsverkstaden. I denne arbeidsverkstaden vart det jobba vidare med temaa samferdsleendringar, næringsvegar, kommunesenteret, endring av kommunal drift og kultur og frivilligheit.

Denne arbeidsverkstaden stør opp om konklusjonen frå førre arbeidsverkstad, i tillegg vart synleggjering/ marknadsføring og måtar å jobbe på meir tydelege som prioriteringar.

Det var fleire tema som vart etterlyst på denne arbeidsverkstaden: arealføresegner, korleis skulen skal jobbe, inkludering, drive Solund effektivt og kommunehus. Berekraft må ligge til grunn for alt ein gjer, og dei andre temaa vil kunne takast med under måtar å jobbe på.

Arealføresegner handlar i denne prosessen om ei vurdering av kor vidt arealdelen skal reviderast eller ikkje.



Arbeidsverkstad med frivillige lag og organisasjonar 28. februar 2024

Det vart gjennomført ein arbeidsverkstad for lag og organisasjonar, både som del av medverknadsprosess, men også for å finne ut meir om frivilligheita i Solund. Det som er hovudkonklusjonen er at Solund har mange styrkar, men også ein del utfordringar knytt til rekruttering, tilrettelegging, lager og stimulering av frivilligheita.

Sule-prioriteringane 2024

Det er viktig å merke seg at dei ulike prioriteringane vil krevje ulik ressursbruk avhengig av val av prosess.

Prioriteringar vi tek med oss frå samfunnsdelen 2020 - 2030:

- **Bu, varierte bustader og bukvalitetar**, døme på fokuserte tema:
 - o Det er mangel på bustader i kommunesenteret
 - o Det er svært mange fritidsbustader i kommunen også i Hardbakke. Spøkelsesbygder.
 - o Mange eig mykje i Solund utan å bu her.
- **Rekruttering, inkludering, mangfaldig arbeidsliv og fleire arbeidsplassar**, døme på fokuserte tema:
 - o Det er til dels svært vanskeleg å rekruttere til stillingar både i kommune og næringsliv.
 - o Det er eit sterkt ynskje om å få fleire av dei som kan arbeide i arbeid.
 - o Ynskje om betre rekruttering av unge – lokal ungdom ut i arbeidslivet tidleg, lærlingar.
 - o Betre rekrutteringa – både lokalt og utanfor kommunen ved synleggjering.
 - o Bruke flytting av ekspressbåtstopp som marknadsføring.
 - o Ny bru
 - o Ny skule med bibliotek

12

Nye prioriteringar frå 2024:

- **Måtar å jobbe på**, døme på fokuserte tema:
 - o Korleis jobbe for å møte utfordringane – endringar av måtar å jobbe på i sektorane, digitalisering, førebyggjande helsearbeid
- **Samferdsle**, døme på fokuserte tema:
 - o Sikker og open infrastruktur: veg, ferje, fiber, straum, godstransport.
- **Tilrettelegging for kultur og frivilligheit**; døme på fokuserte tema:
 - o Rekruttering
 - o Tilrettelegging, lager og stimulering

Av kapasitetsmessige årsaker bør det prioriterast også mellom prioriteringane, det betyr likevel ikkje at det berre skal jobbast med ei prioritering av gangen, men at det er noko som vert teke før andre ting i økonomiplan og på ei arbeidsliste.

Alle desse prioriteringane heng saman, og arbeidet med dei må balanserast. Vi kan bli gode på rekruttering, men det hjelp lite om vi ikkje også har ledige bustader, god infrastruktur og eit godt fritidstilbod.

Prioriteringane og FN sine berekraftsmål

FN-sine berekraftsmål og arbeidet med desse må ligge til grunn for alt arbeid Solund kommune gjer. Implisitt i berekraftsmåla tolkar vi at beredskap, folkehelse, sosial ulikskap, universell utforming og omsyn til barn og unge ligg.



Vi må jobbe med berekraftsmåla på vår måte – vi må gjere det på «Sule-måten».



Solund helsetun

Det er gjort kjent at Solund helsetun har store utfordringar med tilstanden på delar av bygningsmassen. Det er difor sett i gang ei kartlegging av tilstanden på hovudbygget. Resultatet av denne kartlegginga vil leie ut i ein konklusjon på det vidare arbeid. Dette er eit arbeid der det ikkje er behov for ein overordna på plan, utover at utbetringsarbeidet vert tema i økonomiplan og budsjett. Denne saka er difor ikkje eit ytterlegare tema i kommunal planstrategi.

Det bør vurderast å ha oppgradering av Solund helsetun som ei satsing ved ein eventuell revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Det er også behov for oppgradering av kommunehuset.

Planbehov i perioden 2024 – 2027

Det er ein del planar og strategiar som står ny på og som er foreslått går ut. Dette er gjort slik for å synleggjere at desse planane og strategiane var planlagt å lagast i førre planstrategiperiode. Dei vart ikkje laga då, og no er det forslått at dei utgår.

Vurdering av planbehovet

Overordna planar

Kommunal planstrategi 2020 – 2023/ 2024 - 2027

Lovpålagt med krav om vedtak seinast eitt år etter konstituering av kommunestyret. Arbeidet med kunnskapsgrunnlag for ny planstrategi bør starte opp siste året i valperioden. Det er fullt mogeleg å rullere planstrategien midt i perioden dersom ein finn dette naudsynt, men det vert tilrådd at eventuelle nye planar og strategiar som kjem til vert innarbeida i økonomiplan og budsjett. Reviderast i dette dokumentet.

<https://www.solund.kommune.no/tenester/prosjekt-og-overordna-planar/planar/kommunal-planstrategi/>

Samfunnsdelen 2020 - 2030

Med bakgrunn i nye lokale prioriteringar, nye føringar frå nasjonalt og regionalt hald, og medverknad og forankring vert det tilrådd å revidere samfunnsdelen med planoppstart i april 2024.

Det vert tilrådd at ein arbeider med alle prioriteringane: bu, kultur og frivilligheit, arbeid, samferdsle og måtar å jobbe på, i revisjon av samfunnsdelen. Dersom det er behov for ytterlegare føringar for arbeidet vert det tilrådd å løyse dette i eigne strategiar eller retningslinjer, der ein står friare i prosessgjennomføringa, enn om ein lagar ein plan.

Det er utarbeida fleire planar sidan vedtak av førre samfunnsdel, og desse må, i den grad det er formålstenlege, innarbeidast eller leggst til grunn for revisjonen.

https://www.solund.kommune.no/_f/p1/i7df5c1ad-85bf-46ae-a487-5290dccd68bd/2019-kps-samfunnsdel-solund-vedteken.pdf

Arealdelen 2020 - 2032

Det var ikkje alt ein lukkast å få løyst i førre arealplan, til dømes fleirbruksområde i sjø, eller endring av arealformål for bustader i LNF (landbruk, natur og friluftsliv). Samtidig fekk ein forbetra føresegnene slik at dei eigna seg betre til byggesakshandsaming, og ein fekk rydda ein del i akvakulturområda.

Med omsyn til at den førre prosessen med revisjon av planen var krevjande både ressursmessig, personalmessig og i dialog med overordna styresmakter, så vert det ikkje tilrådd å gå inn i ein revisjon av denne planen i denne perioden, heller ikkje delar av den. Det er kjent at sjølv om det vert lagt opp til ein avgrensa revisjon, så vert det kravd at planen i si heilheit vert vurdert opp mot nye føringar som er kome på vegen sidan førre revisjon. Å utsette ein revisjon vil truleg gjere det meir krevjande neste gong, dersom det ikkje kjem føringar frå staten som tilseier at dette skal forenklast på noko vis.

Ved ein revisjon av arealdelen, må nye reguleringsplanar innarbeidast i denne.



<https://www.solund.kommune.no/tenester/prosjekt-og-overordna-planar/planar/kommuneplan/>

Økonomiplan, budsjett, årsmelding - Årleg

Budsjett er planlegging av økonomien til Solund kommune det komande året, medan økonomiplanen er budsjettering for dei neste 4 årar. Årsmelding med rekneskap rapportering av økonomien for det siste året. Desse dokumenta skal utarbeidast årleg, og må ta omsyn til dei økonomiske rammene som kommunen får.

Andre planar

Stab

Lønspolitisk handlingsplan 2022

Solund kommune si lokale lønspolitikk. Formålet med planen er å skape ei felles forståing av lønspolitikken. Alle dei tilsette skal kunne gjere seg kjent med den lokale lønspolitikken, og såleis ha ein reell moglegheit til å innrette seg etter denne. Planen skal også hjelpe Solund kommune som arbeidsgjever å helde oversikt over dei ulike lønspolitiske virkemiddela som er i bruk, og sikre likebehandling og utnytting av dei økonomiske rammene. Ansvar for personalpolitikk er jamfør ny kommunelov i større grad tillagt kommunedirektøren, og dette får konsekvensar for revidering framover.

https://www.solund.kommune.no/_f/p3/ic4241f0a-e4c3-4955-ae1-642663383257/lonspolitisk-plan.pdf

Personalhandbok 2017

Eit generelt og overordna dokument som skal samle andre meir spesifikke reglement og retningsliner. Dette både for å gjere dei meir tilgjengeleg, men også for å sikre ein overordna og heilskapleg samordning av dei ulike regelverka. Ansvar for personalpolitikk er jamfør ny kommunelov i større grad tillagt kommunedirektøren, og dette får konsekvensar for revidering framover.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2017001964&dokid=70553&versjon=1&variant=A&>

Overordna ROS 2020

Med grunnlag i heilskapleg ROS-analyse har kommunen utarbeide plan for samfunnssikkerheit og beredskap. Planen sikrar at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i eit meirheilskapleg perspektiv. Planen vil bidra til god tverrsektoriell og samordna handtering av ønska hendingar. Det er krav om revisjon i tråd med plan og bygningslova og reviderast kvar valperiode.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2020000294&dokid=90712&versjon=1&variant=A&>

Overordna beredskapsplan 2020

Denne beredskapsplanen omhandlar store hendingar som bilulykker, naturkatastrofar, brann på Solundheimen, med fleire. Overordna beredskapsplan skal oppdaterast fortløpande av kommunedirektøren, og med politisk vedtak kvar valperiode.





<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002506&dokid=94996&versjon=1&variant=A&>

Innkjøpsstrategi - Ny

Solund kommune har per tida ikkje ein formålstenleg innkjøpsstrategi. Dette bør på plass med omsyn til at berekraft skal vere eit tema i innkjøp.

Digitaliseringsstrategi - Ny

Det vil bli utarbeida ein digitaliseringsstrategi, denne vil basert på nye nasjonale føringar som kjem i løpet av 2024, og SYSIKT sin digitaliseringsstrategi. Avhengig av kva nivå strategien ligg på avgjer om denne vert lagt fram for politisk handsaming. Det er naturleg å også ha blick på digitalisering i revisjon av samfunnsdelen, som ein del av prioriteringa «Måtar å jobbe på».

Plan og tekniske tenester

Trafikktryggingplan 2012 - 2019

Planen er eit naudsynt verkemiddel for å få gjennomført konkrete trafikktryggleiksprosjekt med tilskot frå statlege midlar. Denne planen er under rulling og det er forventa vedtak før utgangen av 2024.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2013000148&dokid=40128&versjon=1&variant=A&>

Handlingsplan for vedlikehald og rehabilitering av kommunale bygg og anlegg - 2023

Planen inneheld ein oversikt over bygningar, anlegg, vegar og kaiar som er i kommunalt eige, i tillegg til ein oversikt over behov for vedlikehald og ein plan for gjennomføring av dette. Til dømes er det ein del vegar som det er fare for kan bli overfløynde, eller sikre at kommunale bygg kan tole styrtregnet som kjem i større grad. Planen vart utarbeida i 2017 og handlingsplanen reviderast kvart år.

https://www.solund.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2022003718&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10636&

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2019002066&dokid=86816&versjon=1&variant=A&>

Hovudplan for vatn og avløp – Ny

Dette er fyrst og fremst ein teknisk oversiktsplan som skal vise status på infrastrukturen og behova for utviklinga, også sett i samanheng med nye utbyggingsområde fastsett i arealdelen. Forventa vedtak i 2025.

SMIL-strategi – 2017

Gjeld tilskot til tiltak som fremjar natur- og kulturverdiene i kulturlandskapet i jordbruket og reduserer forureininga frå jordbruket.

Bestandsplan hjort 2019 – 2023





Planen er ei skildring av hjorteførekost til tillegg til tiltak for å nå ynskja målsetting. Ein vil likevel nemna at det er valda som får tildelt løyva frå kommunen som før. Jakta føregår i valda slik den har gjort før og dette vil ikkje verte endra på. Ein kan likevel om ein vil, legge opp til flytting av løyver internt i bestandsplanområde.

For at ein skal kunne styre mot ei ynskja utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar. Måla skal ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltning. Det vert tilrådd å fase planen ut, då den ikkje vert nytta i tråd med føremålet.

Forvaltningsplan for grågås i Solund 2021 - 2026

Med bakgrunn i utfordringar med aukande bestandar av grågås i Solund kommune over tid, og dertil knytte problem med aukande beitetrykk på innmark hos fleire gardbrukarar i kommunen, vart det konkludert med at det var behov for ein meir fagleg og systematisk tilnærming til forvaltninga av den lokale grågåsbestanden. Det vert ikkje tilrådd revisjon.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2022004984&dokid=115602&versjon=1&variant=A&>

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2020003466&dokid=83629&versjon=1&variant=A&>

Gjeldande reguleringsplanar

Solund kommune har 42 gjeldande reguleringsplanar. Oversikt over desse finn ein i kapittel 9 i føresegnene til kommuneplanen sin arealplan.

https://www.solund.kommune.no/_f/p1/i4cc7561f-5934-43c9-b54b-a2cafdcdfc0c/solund-arealdel-foresegner-2020-2032.

Samfunns- og næringsutvikling

Eigarskapsmelding 2022

Eigarskapsmelding er eit oversyn over dei selskapa som Solund kommune har eigarskap i og korleis stoda er i selskapet. I denne skal Solund kommune ta stilling til om kommunen skal halde fram eigarskapen. Rullering av eigarmeldinga gjennomførast kvart andre år. Oppsettet for vurderinga av selskapa bør sjåast på, og styringa av eigarskapen må ta opp i seg berekraftsmåla. Revidering kvart andre år.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2022003355&dokid=112384&versjon=1&variant=A&>

Besøksstrategi for Solund - Ny

Lage ein besøksstrategi, der ein finn ein modell for utvikling av Solund som gjev auka lokal verdiskaping for næringslivet i Solund. Utvikinga må sjåast i samanheng med naturverdiar, verneverdiar og lokalsamfunnet. Arbeidet er sett i gang og det er forventa vedtak 2025.

Folkehelseoversikt 2023

Kommunen skal utarbeide eit oversiktsdokument som kvart fjerde år skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet og inngå som grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi. Folkehelseoversikt vart oppdatert i 2023, det er vidare planlagt oppdatering kvart år framover jamfør folkehelselova § 4.





<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2022007506&dokid=120789&versjon=1&variant=A&>

Frivilligstrategi 2021

Den frivilligpolitiske strategien forpliktar Solund kommune til å ha eit aktivt og tett forhold til den lokale frivilligheita. Den skal bidra til at frivilligheita får utvikle seg formålstenleg måte på eigne premisser, og gjev det strategiske utgangspunktet for samspel og samarbeid mellom partar. Det kan bli aktuelt med revisjon som resultat av revisjon av samfunnsdelen.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2021003830&dokid=105125&versjon=1&variant=A&>

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019 - 2025

Planen handlar om mange sider ved folkehelsa, den har ei varigheit på 4 år og vart rullert i 2019. Handlingsplanen må vurderast rullerast årleg, dersom det er behov for å oppdatere handlingsplanen sett opp mot spelemidlar. Det vert tilrådd å integrere denne planen med ny kulturplan. Handlingsplanen kan innarbeidast i økonomiplan og budsjett.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2022008048&dokid=121904&versjon=1&variant=A&>

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2019003702&dokid=89896&versjon=1&variant=A&>

https://www.solund.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2022007432&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10636&

Plan for friluftslivets ferdselsårar, og ro og padleruter - Ny

Friluftslivets ferdselsårar og ro og padleruter er ei naturleg vidareføring av arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområde og det nasjonale turskiltprosjektet knytt til merking og gradering av turløyper. Plan er eit verkemiddel for å identifisere, ivareta og utvikle stiar, turvegar, løyper, og ro-padleruter som er viktige for utøving av friluftsliv. Det er forventa vedtak i 2024.

Klimaplan 2011/ Klima, energi og naturmangfaldsplan

Gjeldande klima- og energiplan blei vedteken i 2011. Ein har i dag meir og betre informasjon om temaa og korleis klimaet og miljøet har utvikla seg, og kva tiltak kommunar bør iverksette for å imøtekomme dei overordna klimamåla. Klima, energi og naturmangfaldplan er under arbeid og det er forventa vedtak i 2024.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2012001820&dokid=36555&versjon=1&variant=A&>

Kulturmiljøplan – Ny

Ny plan for kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø. Fylkeskommunen oppmodar om at alle kommunar lagar ein plan for kulturmiljø. I planen vert nokre kulturminne prioritert. Prioriterte kulturminne vil få lettare tilgang til tilskotsmidlar. Forventa vedtak i 2024.

Lokal utviklingsstrategi 2015/ 2021

Denne strategien har som formål å hjelpe til med å sikre langsiktig utviklingskraft for Solund. Strategien er allereie i stor grad innarbeida i samfunnsdelen. Strategien bør fasast ut.





<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2015000697&dokid=53659&versjon=1&variant=A&>

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2021001132&dokid=99675&versjon=1&variant=A&>

Samferdslestrategi - Ny

Ny. Temaet bør handsamast i samfunnsdelen.

Handlingsplan bustadbygging - Ny

Ny. Temaet bør handsamast i samfunnsdelen.

Oppvekst og kultur

Ovedordna plan for oppvekst - Ny

Solund kommune manglar ein overordna oppvekstplan. I lys av endringar i lovverk og planar både frå sentralt og lokalt hald er det behov for ein slik plan. Oppvekstplanen vil mellom anna konkretisere måla i samfunnsdelen og andre kommunale planar. Samstundes vil planen også ta opp i seg det oppvekstsektoren har arbeidd med i OU-prosessen. Planen utgår.

Plan for integrering - 2014

Målsetjinga med integreringsplanen er å sikre systematisk integreringsarbeid der tilflyttarar vert handsama likt og vert hugsa på. Planen seier noko om målgrupper for arbeidet og rollene til dei ulike aktørane i samfunnet. Foreslått utgår. Temaet vert handsama i revisjonen samfunnsdelen gjennom prioriteringa «Måtar å jobbe på».

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2014000430&dokid=46635&versjon=1&variant=A&>

Kulturplan – Ny

Dette er ein plan for kulturfeltet, den tek opp tema som kva vi har av tilbod og kve vil vi med kulturarbeidet. Planen er under arbeid. Det vert tilrådd at planen vert slått saman med kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Med omsyn til revisjon av samfunnsdelen og prioriteringa kultur og frivilligheit, så bør denne planen skyvast på til etter at det er gjort vedtak av samfunnsdelen. Forventa vedtak i 2025.

Kvalitetsmelding – 2022

Det er fastsett i Opplæringslova § 13-3e at kommunen pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av kommunestyret. For barnehagen og kulturskulen er det ikkje tilsvarende krav om rapportering.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2022002957&dokid=111784&versjon=1&variant=A&>

Plan for førebyggjande plan barn og unge – 2024

Kravet til at kommunen skal ha ein plan for førebyggjande arbeid er forankra i barnevernlova § 15-1. Kommunestyret skal vedta planen som handlar om å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar hos barn og unge. Ein slik plan skal bidra til ei overordna forankring av det





førebyggjande tilbodet og fordeling av kommunen sine ressursar til dette arbeidet. Kommunen skal ha eit samordna tenestetilbod med god kvalitet til barn, unge og deira familiar. Erstattar plan for oppvekst.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2022008188&dokid=122214&versjon=1&variant=P&>

Helse og omsorg

Overordna plan helse og omsorg - Ny

Ein overordna plan for helse- og omsorg skal innehalde alle tenester som inngår i tenesta, og skal implementere kvalitetsreforma «Leve heile livet» i sektoren. Utgår.

Rus- og psykiatriplan 2021 – 2025

Planen skal gje auka innblikk i tenestene, og er retningsgjevande for arbeidet med psykisk helse og rus i Solund kommune. Kommunen har som mål å følgje samhandlingsreforma (St.meld. nr. 47 (2008-2009)), der det er ei økt satsing på koordinering mellom tenester. Kommunen si rolle er å fokusere på ei heilskapleg tenking med førebygging, tidleg intervensjon, behandling og oppfølging. St.meld. nr. 30 (2011-2012) - “Sjå meg - Ein heilskapleg rusmiddelpolitikk” konstaterer same målsetting; førebygging og tidleg innsats, samhandling og eit samanhengande tenestetilbod. Denne planen erstattar rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planlagt revisjon i løpet av 2025.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2022008750&dokid=123459&versjon=1&variant=A&>

Handlingsplan for sjølvmoordsførebygging - Ny

Handlingsplanen for sjølvmoordsførebygging skal sikre at kommunen sitt hjelpetilbod er kunnskapsbasert, tilgjengeleg og samordn. Planen skal også sørge for at kommunen oppfyller lova sine krav om å førebygge, avdekke, avverje, behandle og følge opp sjølvskading og sjølvmoordsforsøk og følge opp pårørande og tilsette etter sjølvmoord. Forventa vedtak i løpet av 2024.

Handlingsplan for vold i nære relasjonar 2023 - 2025

Denne interkommunale handlingsplanen mot vald i nære relasjonar skal vere eit verktøy for å styrke og samordne den kommunale innsatsen mot vald i nære relasjonar. Planen gjeld for alle tilsette og frivillige i kommunane. Alle som jobbar med både eldre og unge skal få kunnskap og støtte når det gjeld å oppdage og å melde i frå ved mistanke om vald i nære relasjonar. Planlagt revisjon i løpet av 2025.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2018003670&dokid=82166&versjon=1&variant=A&>

Helseberedskapsplan 2015

Målet med planen er å sikre førebyggjande tiltak der ein reduserer sjansen for at innbyggjarane blir utsette for uønskte hendingar og kriser. I tillegg etablere skadeavgrensande tiltak der ein sikrar at innbyggjaren får nødvendig hjelp og støtte i ein krisesituasjon. Planen er under revisjon med forventa vedtak i 2024.





<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2015000688&dokid=53565&versjon=2&variant=A&>

Plan for helsestasjon og skulehelsetenesta 2012 - 2020

Ein overordna plan skal bidra til auka kunnskap for kommuneleiinga, politikarar og samarbeidspartnarar om tenesta og er retningsgivande for helsestasjon - og skulehelsetenesta sitt arbeid. Planen viser bl.a krav frå myndigheitene om kva tenesta bør og skal innehalde og korleis den vert gjennomført. Forventa revisjon i løpet av 2025/2026.

<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2013000494&dokid=40739&versjon=1&variant=A&>

Interkommunale og regionale planar

Interkommunal planlegging er mest nærliggande for Solund for arealplanlegging i sjø, basert på geografien til kommunen. Med bakgrunn i at det ikkje vert tilrådd revisjon av kommuneplanen sin arealdel, så vert det heller ikkje tilrådd å sette i gang eit interkommunalt planarbeid på sjøområda frå Solund kommune si side.

Det er formålstenleg at det vert laga regionale planar, dersom dei kan nyttast meir eller mindre direkte lokalt, eventuelt ved å lage lokal strategiar. Dette er likevel vanskeleg å gjennomføre, fordi dei regionale planane skal femne om så ulike kommunar. Det bør i alle fall sikrast at fylkeskommune bidrar i lokalt planarbeid, både gjennom å lage gode kunnskapsgrunnlag som kan takast ut kommunevis, og gjennom å rådgje og støtte kommunane i lokalt planarbeid. Solund kommune har ikkje innspel til konkrete regionale planar, men erfarer at det er vanskeleg å finne ressursmessig kapasitet til å bidra i regionalt planarbeid på ein måte som tener Solund kommune. Dette er problematisk, sidan den lokale forankringa ikkje blir god nok og dei regionale planane blir ikkje gode nok verktøy for kommunane.



Planstatus i Solund

Planstrategi 2019 – 2023 – evaluering

I 2019 vedtok Solund kommunestyre ein ambisiøs planstrategi med mange planoppgåver i perioden. Solund kommune har ikkje hatt ressursar til å gjennomføre alle planoppgåvene som planlagt. Tabellen under synleggjer status for planoppgåve i førre periode.

Plan, strategi, m.m.	OK Under Ikkje			Kommentar
	Frå år	arbeid	starta	
Overordna planar				
Kommunal planstrategi	2020		X	Vedteke i desember 2020.
Kommuneplan - samfunnsdel	2020	X		Vedteke i juni 2020, før vedtak av kommunal planstrategi.
Kommuneplan - arealdel	2022	X		Fekk løyst mykje, men ikkje alt i planarbeidet.
Økonomiplan	2019	X		Lovpålagt årleg.
Budsjett	2019	X		Lovpålagt årleg.
Årsmelding - rekneskap	2019	X		Lovpålagt årleg.
Andre planar				
Lønspolitisk handlingsplan	2021	X		
Personalpolitisk handlingsplan	2021	X		
Strategi for digitalisering og effektivisering	NY		X	Ikkje sett i gang. Innhald og behov har vore uklart.
Trafikktryggleiksplan	2012		X	Planarbeid er sett i gang, men har tidvis vore sett på vent grunna manglande ressursar. Forventa vedtak i løpet av 2024.
Hovudplan for vatn og avløp	NY	X		Ikkje sett i gang av ressursmessig årsaker.
Beredskapsplan	2019	X		Lovpålagt revisjon kvart andre år. Ikkje sett i gang av ressursmessig årsaker.
Overordna ROS	2020	X		Lovpålagt revisjon kvart andre år. Ikkje sett i gang av ressursmessig årsaker.
Plan for vedlikehald og rehabilitering av kommunale bygg og anlegg	2023	X		
Eigarskapsmelding	2022	X		Lovpålagt, vedteke revisjon kvart andre år.
Folkehelseoversikt	2023	X		Lovpålagt årleg revisjon.
Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	2019	Delvis		Utvida virketid tom. 2025.



Kartlegging og verdisetting friluftsområde	2018	X			Bør reviderast om arealplanen skal reviderast.
Plan for friluftslivets ferdeslårar	NY		X		Planarbeidet er sett i gang, men har hatt redusert framdrift av ressursmessige årsaker. Forventa vedtak i løpet av første halvår 2024.
Handlingsplan for folkehelse	NY	Delvis			Utarbeida eit internt arbeidsdokument som ein arbeider utifrå.
Kulturminneplan	NY		X		Planarbeidet er sett i gang, men har hatt redusert framdrift av ressursmessige årsaker. Forventa vedtak i løpet av første halvår 2024.
Klima- og miljøplan	2011		X		Planarbeidet er sett i gang, men har hatt redusert framdrift av ressursmessige årsaker. Forventa vedtak i løpet av første halvår 2024.
Gåseplan	NY	X			
Lokal utviklingsstrategi	2021	X			Er i stor grad innarbeida i samfunnsdelen.
Samferdslestrategi	NY				Ikkje sett i gang. Innhald og behov har vore uklart.
Besøksstrategi for Utvær	NY		X		Sjå under.
Besøksstrategi for Solund	NY		X		Det er starta opp arbeid med besøksstrategi for Solund, inkludert Utvær. Planarbeidet har hatt redusert framdrift av ressursmessige årsaker.
Handlingsplan for bustadbygging	NY		X		Planarbeid er sett i gang, men har stoppa grunna manglande ressursar
Overordna plan for oppvekst	NY			X	Ikkje sett i gang. Innhald og behov har vore uklart.
Kulturplan	NY		X		Planarbeid er sett i gang, men har stoppa grunna manglande ressursar
Overordna plan for helse og omsorg	NY			X	Ikkje sett i gang. Innhald og behov har vore uklart.
Rus og psykiatriplan	2023	X			



Organisering og prosess av planstrategiarbeidet

Organisering

Prosjektansvarleg:	Kommunestyre
Politisk arbeidsgruppe:	Formannskapet
Administrativ arbeidsgruppe:	Leiargruppa
Prosjektleder:	Kommunedirektør
Prosjektkoordinator/-sekretær:	Rådgjevar for samfunns- og næringsutvikling

Interne og eksterne ressurspersonar vert kopla på ved behov.

Framdriftsplan, prosess og medverknad

Tidspunkt	Aktivitet
September 23	Administrative arbeidsverkstader.
November	Resultat av administrativ arbeidsverkstad tema på utvida leiarmøte.
Desember 23	Folkehelseoversikt 2023 vart lagt fram som skriv for kommunestyret. Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag.
Januar 24	Temamøte med arbeidsverkstad i kommunestyret 25. januar. Alle sektorane deltok. Solund næringsssamskipnad orientert. Sjå vedlegg. Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag. Kort orientering om kommunalt planarbeid i fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 29. januar.
Februar 24	Kommunal planstrategi tema på ungdomsrådsmøte 5. februar v/ ordførar. Arbeidsverkstad 15. februar i kommunestyret basert på møtet i januar. Delar av ungdomsrådet og fellesrådet deltok. Sjå vedlegg. Ferdigstilling av kunnskapsgrunnlag. Kommunal planstrategi tema på leiarmøte 14. og 28. februar. Møte med lag og organisasjonar med arbeidsverkstad 28. februar.
Mars 24	Utarbeiding av politisk sak og strategidokument. Kommunal planstrategi tema på leiarmøte 13. og 20. mars.
April 24	Politisk handsaming av strategidokument med vedlegg før høyring: <ul style="list-style-type: none"> Fellesråd: 8. april Ungdomsråd: 8. april Formannskap: 11. april Kommunestyre: 18. april Legge ut på høyring – minimum 30 dagar. Minimum 6 veker dersom den inneheld planprogram for revidering av samfunnsdelen. Høyringsperiode: 19. april – 19. mai.
Mai 24	Høyring: PBL § 10-1, 2. ledd: <i>Framlegg til vedtak skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si behandling.</i> <ul style="list-style-type: none"> Statlege og regionale mynde Nabokommunar Nettside Sosiale media Solund næringsssamskipnad Lokale lag og organisasjonar
Juni 24	Vedtak av kommunal planstrategi med vedlegg:



	<ul style="list-style-type: none">• Formannskap: 6. juni• Ungdomsråd: 10. juni• Fellesråd: 10. juni• Kommunestyre: 13. juni Publisere vedtekte dokument.
--	---


HØYRINGSFRAMLEGG



Vedlegg

Korleis jobbe med dei prioriterte områda?

Det er fleire måtar ein kan jobbe med satsingsområda på. Det handlar om å bevege seg frå ein tilstand til ein anna. Dette gjer ein ved å gjennomføre ein eller fleire aktivitetar.



26

Døme på aktivitetar som ein kan gjennomføre er ta avgjerder, re-organisere, evaluere, sette mål, kommunisere, møte, mobilisere, høyring, hente inn kunnskap, skape idear, sette rammer, analysere, handsame innspel, prioritere, arbeidsverkstad, lage framtidsscenario, og mykje meir.

For å løyse ei problemstilling kan det vere nok med ein aktivitet, eller det kan vere at ein må sette dette saman til eit rekke aktivitetar for å komme dit vi vil. Planlegging er eit døme på ein prosess der ein har sett saman mange slike aktivitetar.

Planlegging etter plan og bygningslova

Planlegging i tråd med plan og bygningslova, betyr at det er eit sett med rammer for korleis planprosessen skal gjennomførast. Kommunal planstrategi, kommuneplanen (samfunnsdel- og arealdel), kommunedelplanar og reguleringsplanar må følgje desse prosesskrava. Det er skilnad på prosesskrava til kommunal planstrategi og dei andre plantypene. Dei andre plantypene krev at ein må ha må lage ein plan for planleggingsprosessen, og det er krav for medverknaden.

Temaplanar og strategiar følgjer ikkje prosesskrav i plan og bygningslova.





Arbeid med dei prioriterte områda

Rekruttering, inkludering, mangfaldig arbeidsliv og fleire arbeidsplassar

Dette er ein av grunnsteinane i eit samfunn. Det vert peika på følgjande utfordringar og mogelegheiter som ein ynskjer å gripe tak i:

- Rekruttering til stillingar. Dette gjeld breidt både kommunalt og i næringslivet generelt. Her er det trekt fram mogelegheiter som ligg i resursane som ikkje er sysselsett i dag, og dei som eventuelt ikkje får nytta kompetanse som dei innehar. Det er også lagt vekt på rekruttering av (lokal) ungdom tidleg inn arbeidslivet, at dei får prøve seg og at det finnast lærlingplassar. Kompetanseheving i eigen arbeidsstokk er ei mogelegheit.
- Samhandling og samarbeid både i samband med rekruttering, men også i samband med utviklingsprosjekt. Felles fiskerihamn vert trekt fram.
- Ny bru og ny skule er ikkje ferdige sjølv om dei er bygde. Samfunnet må «lære seg å leve på nytt» med desse endra føresetnadane. Ferdigstilling av desse prosjekta gjev nye føresetnader for rekruttering, samhandling, kultur og fritid, og bu- og arbeidsmarknaden.
- Behalde ungdommen.
- Meir mangfaldig arbeidsmarknad.
- Etterbruk av Mortevisa – djupvasskai.
- Innovasjonshus – kontorlandskap og møteplass for bedrifter.

Samferdsle

Dette er også ein av grunnsteinane i eit samfunn. Det vert peika på at næringslivet er heilt avhengig av ei samferdsle som er til å stole på.

- Dette omfattar open, farbar veg, formålstenlege ferjeruter, godstransport, fiber, mobil og straum.
- Fleksible transportordningar.
- Intern kommunikasjon i samband med ny bru og ekspressbåtsopp.

Måtar å jobbe på

Det har blitt peika på ei rekkje mogelegheiter og utfordringar som krev nye måtar å jobbe på:

- Det vert fleire eldre og, fleire treng helse- og omsorgstenester i framtida, og det er færre som kan gjere denne jobben. Balansen mellom yrkesaktive og pensjonistar er i endring.
- Tal barn er synkande, og oppvekstsektoren må gje opplæring til like mange årskull, med færre tilsette.
- Færre innbyggjarar har rett på dei same tenestene som i store kommunar.
- Samhandling, samarbeid, involvering og arbeid på tvers av siloar, både i samband med rekruttering, men også i samband med utviklingsprosjekt. Felles fiskerihamn vert trekt fram.
- Nettverksbygging og interkommunale samarbeid.
- Arbeide for betre delingskultur og kompetanseutvikling på tvers er trekt fram.
- Norge er eit sterkt digitalisert samfunn, og dette vil fortsette. Velferdsteknologi og e-byggesak er døme.
- Ei rekkje ynskje og tankar for Hardbakke som kommunesenter.
- Tilrettelegging, møteplassar og fasilitering. Som til dømes felles fiskerihamn.





- Bygge på det vi har, eksisterande næringer og naturressursane her.
- Utviklingskultur og noverande måte å tenkje på i Solund, til dømes entreprenørskap, engasjement og korte vegar.
- Fjordkysten regional- og geopark.
- Solund må vere eit sjølvforsynt samfunn i brei forstand, alt frå straum til fritidstilbod.
- Behalde og utvikle dei kommunale tenestene på Hardbakke.
- Gode oppvekstvilkår for ungdommen.
- Nye måtar å tenkje og jobbe på.
- Sosial ulikskap.
- Ekspressbåtstopp som verktøy for rekruttering og auka tal besøkande. Brua har også potensiale her.
- Betre rekrutteringa – både lokalt og utanfor kommunen. Felles portal for utlysing av jobbar. Bedriftene må marknadsføre seg meir.

Bu, varierte bustader og bukvalitetar

Det har blitt peika på ei rekkje mogelegheiter og utfordringar:

- Gangveggar frå Hardbakke til omkringliggande bygder.
- Manglar bustader på Hardbakke. Fortetting av bustader - Bustadfelt på og i nærleiken av Hardbakke.
- Bustadtilbod til alle situasjonar.
- Mange ulike idear for Hardbakke.
- Det er svært mange fritidsbustader i kommunen også i Hardbakke. Spøkelsesbygder.
- Mange eig mykje i Solund utan å bu her.

Tilrettelegge for kultur og frivilligheit

Det har blitt peika på ei rekkje mogelegheiter og utfordringar:

- Kva ein gjer for å ta vare på frivilligheita.
- Bestillingar til samfunnet. I dette ligg det til dømes å ha areanaer der ein ikkje må prestere, inkludering, økonomisk støtte, tettare samarbeid mellom ulike aktørar, med meir.
- Fasilitering og tilrettelegging.
- Lager.






Plan- og styringssystemet

Gode plan- og styringsprosessar er ein føresetnad for at kommunen skal ivareta rolla som tenesteytar og samfunnsutviklar. God styring tek vare på dei folkevalde sitt ansvar for strategisk styring og prioritering, og kommunedirektøren sitt ansvar for å iverksette politiske vedtak. Dette gjer det føreseieleg for innbyggjarar og næringsaktørar, og gjev auka mogelegheit for medverknad og demokratisk engasjement.

Oversikt over korleis det kommunale plansystemet heng saman ser ein i figuren under. Den visar særleg til samanhengen mellom handlingsprogram (årsbudsjett) og kommuneplanen. For at kommunale planer skal bli realisert er det ofte behov for oppfølgjande vedtak i handlingsprogram.



Kjelde: KS



Planstrategi og planprosessar

I planstrategiarbeidet skal ein på grunnlag av ny kunnskap og endra behov gjere ei kritisk vurdering av eksisterande planverk, og vurdere trongen for revisjon og for evt. nye planar.


I planstrategien for 2016 – 2019 har det vore lagt inn mange planar og ein var optimistisk med omsyn til kapasitet til å utarbeide planar. Det er difor ikkje alle planane som var lagt opp til i førre perioden som har blitt påbegynt/ ferdigstilte.

Plansystemet skal ivareta den nye kommunelova sin krav om styrka samanheng mellom kommuneplanen og økonomiplan. Vi ynskjer å bli flinkare til å utvikle og gjennomføre gode løysingar saman med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, m.v.

Plansystemet skal:

- Gje eit godt grunnlag for politisk styring og administrativ oppfølging
- Vere tilgjengeleg og lett å få oversikt over
- Stimulere til tverrfagleg oppgåveløysing i samarbeid med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar.
- Gje ei tydeleg rollefordeling mellom planar som vert vedteke politisk og administrativt
- Legge til rette for openheit og målretta samarbeid/ medverknad i planprosessane


Framlegg til korleis arbeidet med dei overordna og prioriterte planane kan leggest opp frametter:



ÅBØ = årsmelding, rekneskap, budsjett og økonomiplan

Denne modellen for planlegging gjennom planperioden, gjer at plansystemet heng meir saman.

Framlegg til korleis arbeidet med handlings-/ tiltaksprogrammet i dei ulike planane kan leggast opp frametter:



Ein slik framgangsmåte fører til at ein kan samkøyre medverknadsprosessane og høringane, og meir føreseielege medverknads- og planleggingsprosessar for innbyggjarane. Det er også gunstig for økonomiplan- og budsjett-arbeidet.

Kommuneplan

Lovpålagt. Lovheimel: PBL.

Fleire strategiske grep i førre samfunnsplan kan vidareførast inn i neste planperiode, men det er også naudsynt å prioritere andre ting. For å finne dei rette strategiske grepa må vi avdekke kva vi har og kva vil få til framover. Figuren under viser prosessen fram til overordna planar.



Kjelde: Kommuneplanen sin samfunnsdel.



Består av:

Samfunnsdelen:

Overordna plan med langsiktige mål og strategiar.

Arealdelen:

Arealplan for heile kommunen. På grunnlag av mål og strategiar i samfunnsdelen. 12 års planperiode. Behov for revisjon vurderast kvart 4. år i kommunal planstrategi.

Handlingsplan til samfunnsdelen:

4 års planperiode. Økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Skal rullerast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.

Økonomiplan og årsbudsjett

Lovheimel: Kommuneleva

Økonomiplan 4 års planperiode.

Plan for heile kommunen si verksemd i planperioden, med venta inntekter, prioriterte oppgåver og tiltak, og sannsynlege utgifter. Kan samordnast med handlingsdelen i kommuneplanen.

Årsbudsjettet 1 års planperiode.

Bindande plan for bruk av kommunen sine midlar i budsjettåret.

Økonomiplan og årsbudsjett vert rullert kvart år.

Kommunedelplanar

Lovheimel: PBL.

Kommunedelplan er ein plan for geografiske delområde eller tema/sektorar. For utarbeiding og revisjon gjeld same lovverk som samfunnsdelen og arealdelen.

Vert utarbeidd etter behov for detaljering eller utfylling av den overordna planen.

Det er to slags delplanar:

1. Kommunedelplan for viktige tema eller sektorar. Døme: Oppvekst.
2. Delplanar for arealbruk. T.d. tettstadar i kommunen.

For utarbeiding og revisjon gjeld same reglar som for samfunnsdelen og arealdelen.

Reguleringsplanar

Lovheimel: PBL

Reguleringsplanar er arealplanar for avgrensa område. Det er etter PBL av 2008 to typar:

- Områdereguleringsplanar. Større område, mindre detaljert.
- Detaljreguleringsplanar. Meir detaljert, vanlegvis mindre område.

Områderegulering vert normalt gjort av kommunen.

Detaljregulering kan gjerast av kommunen eller private. Kommunen kan avvise private planframlegg som er i strid med overordna plan.





Temaplanar, sektorplanar og fagplanar

Omfattar planar som er laga for å fylgje opp føringar i samfunnsdelen, sektorovergrepande planar, lovpålagde planar, fagplanar. Planane kan vere utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova eller planane kan stå friare i høve til prosesskrav og tidsfristar, det vil sei at det ikkje er krav om utarbeiding av planprogram.

Kommunen står fritt i å fastsetje opplegg for utarbeiding og medverknad ut i frå kva som er tenleg i kvart tilfelle, og ev. føringar i aktuelt lovverk. Vert lagt fram til politisk godkjenning i kommunestyret. Behov for revisjon vert vurdert i kommunal planstrategi kvart 4. år. Temaplanar vert normalt sett rullert i løpet av planperioden.



Vurdering av planstrategien opp mot overordna føringar

Vurdering opp mot FN sine berekraftsmål

Det står allereie i den gjeldande samfunnsdelen til Solund kommune: «Solund skal ha berekraft, god folkehelse og universell utforming som overordna prinsipp i planlegging og tankegang.» Den nye kommunale planstrategien tydeleggjer at FN sine tre berekraftsdimensjonar skal ligge til grunn for utviklinga av Solundsamfunnet. Dette er også synleggjort med ei visuelt grep ved at FN-sine berekraftsmål ligg nedst i dokumentet.

Vurdering opp mot nasjonale forventningar

Prioriteringane og planstrategien til Solund i perioden stør opp om dei nasjonale forventningane til samordning og samarbeid til dømes gjennom Solund si prioritering av planlegging, balansering av berekraftsmåla, og medverknad. Vidare stør strategien opp om trygge og inkluderande samfunn, gjennom arbeid med bustadbygging og prioritering av frivilligheita. Planstrategien legg opp til at det skal arbeidast med grøn omstilling og utvikling av eksisterande næringar, og stør med det opp om velferd og berekraftige verdiskaping i forventningane. Dei nasjonale forventningane legg vekt på klima, natur og miljø, og planstrategien stør opp om dette gjennom vedtak av klima, energi og naturmangfaldplan og hovudplan for vatn g avløp. Medan samfunnstryggleik og beredskap vert til dømes ivareteke gjennom vedtak av beredskapsplan og ROS-analysar.

I tillegg er det ei rekkje lover, statlege planretningslinjer, og regionale planer som legger føringar for den kommunale planlegginga, og som kan gi grunnlag for motsegner, jamfør PBL §§ 6-1, 6-2 og 8-2. Desse vert ikkje vurdert nærare.

Vurdering opp mot brev med synspunkt frå Vestland fylkeskommune

Det er krevjande å ha god oversikt over alle dei regionale planane, og vurdere dei regionale planane opp mot dei lokale. Det er vurdert som for krevjande ressursmessig, og det er lagt vekt på vurdering opp mot brevet med synspunkt frå Vestland fylkeskommune.

Utfordringsrapporten som Vestland fylkeskommune har fått laga, er godt gjenkjenneleg for Solund kommune i det som er blitt kartlagt lokalt, sjølv om det er brukt litt ulike ord. Og ein del av kunnskapsgrunnlaget til fylkeskommunen er nytta i arbeidet.

- **Folkehelse:** Solund kommune sin planstrategi har nytta folkehelseoversikta som grunnlagsdokument, og det er peika på utfordringar avdekka i denne oversikta, som til dømes demografiutfordringane.
- **Klima** er ivareteke gjennom kunnskapsgrunnlaget og utarbeiding av temaplan for klima, energi og naturmangfald.
- **Infrastruktur og veg** sine innspel vert delvis ivareteke gjennom ein lokal trafikktryggingplan, medan det er frårådd ein revisjon av arealdelen.
- **Kultur** har innspel knytt til kulturpolitikk og frivilligheit. Solund kommune skal prioritere frivilligheita og planlegg å lage ein kulturplan. Solund kommune har allereie ein frivilligstrategi.
- På **kulturminnefeltet** vert det etterlyst planar for temaet. Solund kommune er per tida i prosess med å lage kommunedelplan for kulturmiljø.
- Solund kommune har ein plan for idrett, fysisk aktivitet. Denne skal slåast saman med ny kulturplan, og temaet vert ivareteke i denne planen.



- **Inkludering og integrering** sine innspel handlar om det bør gjerast plangrep på dette temaet. Solund kommune har hatt ein strategi på desse temaa i mange år, men den har ikkje vore nytta aktivt. Dette vert vurdert som tema som høyrer saman med prioriteringa «Måtar å jobbe på».
- I samband med **verdiskaping** vert det til liks med i Solund peika på å ta vare på det næringslivet ein har i dag, og utvikle dette. Næring er eit tema i samfunnsdelen, og arbeid er ei prioritering også i det vidare.
- **Vassforvaltning** spelar inn at planarbeid knytt til avløp og vatn bør vurderast. Solund kommune skal få utarbeida ein hovudplan for vatn og avløp, og stør såleis opp om innspela på temaet.
- Gjeldande kommuneplan har formulering på **jordvern** og stør såleis opp om regional plan for temaet.
- **Akvakultur** forventar at det vert lagt til rette areal for næringa. I gjeldande arealplan er det framleis ledige areal, sjølv om dei nye store områda vart «rive bort» så snart planen vart vedteken. Vurdering av revisjon av arealdelen kan ein lese under «Vurdering av planbehovet».

Samla sett er det mykje i planstrategien til Solund som stør opp om dei regionale føringane.

Vurdering opp mot forventningsbrev frå Statsforvaltaren

Med bakgrunn i at kommuneplanen sin arealdel er krevjande (sjå «Vurdering av planbehovet»), så vert det ikkje tilrådd ein revisjon i perioden. Planstrategien tek elles opp i seg lovkrava (PBL), folkehelse, sosial ulikskap og barn og unge gjennom Solund si tolking av berekraftsmåla, ressursmessig kapasitet gjennom vurdering av planbehovet, og kopling opp mot overordna føringar i denne delen av dokumentet. Solund kommune legg opp til arbeide for å bu seg på endringar gjennom satsinga «Måtar å jobbe på».

Samla vurdering

I det store og heile så stør kommunal planstrategi for Solund i komande periode godt opp mot både nasjonale og regionale føringar. Samtidig som den tek opp i seg dei lokale utfordringane og mogelegheitene. Solund verken kan eller skal løyse alt. Storsamfunnet må ta omsyn til Solund sitt folketal og geografi, og vilkåra det dannar for å skape eit livskraftig samfunn. Og det er akkurat det lokalpolitikken skal - skape eit livskraftig samfunn som balanserer dei tre berekraftsdimensjonane: miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Vedlegg

- Kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi Solund kommune 2024
- Tidsplan for revisjon eller utarbeiding av nye planar i perioden
- Folkehelseoversikt 2023:
<https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2022007506&dokid=120789&versjon=1&variant=A&>

